

Arkivsaknr.:

09/30

Dato

25 NOV. 2009

**Olsen, Magreth Børve**

Fra: Reidun Braut Kjosås [reidun.kjosas@live.no]

Lagt inn: 24. november 2009 22:17

Diskusjon: SU Sjydnahaugen barnehage ynskjer fortgang i barnehagebygginga på Bjøreteigen

Lagt inn i: Utført

Emne: SU Sjydnahaugen barnehage ynskjer fortgang i barnehagebygginga på Bjøreteigen

Dok.nr.:

86

Saksh.:

H. H. H.

Arkiv:

009

Ark. A.

Ark. A.

Ope brev til politikarane i Kvam

**Me ynskjer fortgang i barnehagebygginga på Bjøreteigen**

Som representantar for foreldra i Sjydnahaugen barnehage, vil me fremja synspunkta våre når det gjeld framdriftsplanen for den «nye» banehagen på Bjørketeigen. No er det viktig at barnehagen vert prioritert! Barnehage i Øystese har «vore på vent» i mange år – me vil ha fortgang i saka, no må det vera barnehagen sin tur!

Rådmannen har lagt fram budsjettforslaget sitt for 2010. Der går han inn for å utsetja byggjestarten for barnehagen på Bjørketeigen heilt til 2011. Me håpar og trur at de ser kor viktig ein god barnehage er, og at me får sjå ein slik ny barnehage om ikkje lenge.

Sidan opninga av Sjydahaugen barnehage i 1996 har barnehagen hatt dispensasjon frå forskrifta om miljøretta helseven i barnehage og skule (jf Kommunehelselova §4). I 1996 vart det lova at tilhøva skulle utbetrast, slik at barnehagen vart godkjend. Nokre betringar er gjort på desse 13 åra, men Sjydnahaugen barnehage er pr i dag framleis på dispensasjon. Dette er ikkje godt nok, og no må det skje ei endring!

Det var planar og vedtak om ein heilt ny barnehage i Busdalen i 2005, denne vart det ikkje noko av. Mange av borna som trudde dei skulle få ny barnehage, er no godt i gang på skulen.

Proessen for den nye barnehageløysinga, er allereide i gang. De har sagt A, og pengar er blitt brukt. No får de og seie B. Arkitektfirma har teikna forslag/utkast til ny barnehage. Her er det teke omsyn til innspel frå personalet. Foreldre har og fått sjå på tekingane i løpet av prosessen og fått høve til å kome med ynskjer og innspel. Både tilsette og foreldre er godt nøgde med utkastet slik det føreligg no. Sjølv sagt kan ein ikkje få alt ein ynskjer seg, men her er mykje teikna inn.

Me er foreldre til born som går i barnehagen opp til 8-9 timar kvar dag. Me er opptekne av at dagane deira er gode og gjevande. **Motivasjonen** til dei tilsette, som er i lag med borna våre, er ein **enormt viktig faktor** for at alle i barnehagen skal få gode dagar. Ved å få på plass den nye, fine barnehagen på Bjørketeigen, der rammene ikring ligg klare og bygningane er slik barnehagebygningar skal vera, vil personalet få ein lettare kvardag. Dei kan gjera den jobben dei er sett til å gjera i lag med/for borna våre – på ein enklare

25.11.2009

måte, og soleis verta meir motiverte! Dette fortjenar både dei tilsette og ungane. Me i SU har fått klare signal frå personalet i Sjydnahaugen at dei slit med motivasjonen. Dei har blitt lova nye og betre arbeidstilhøve gong på gong. Dersom det ikkje vert fortgang i barnehagebygginga på Bjørketeigen, kan det i ytterste konsekvens føra til at personalet vert så demotiverte at dei ikkje kan gå på arbeid – og då sit me som foreldre «i saksa».

Pr i dag er Sjydnahaugen barnehage delt i tre hus med stor geografisk avstand. Dette er lite effektivt. Styraren av barnehagen fartar dagleg opp og ned med ulike saker som skal delast på. At styraren er fordelt slik på tre hus, er slett ikkje formålsteneleg! Praktiske ting som innkjøp og levering av mat/mjølkk fungerer ikkje og går ut over den daglege drifta. Når den nye barnehagen på Bjørketeigen står klar, vil mange slike tidkrevjande oppgåver opphøyre. Det vil bli eit større og betre fagmiljø for dei tilsette – dei kan gje kvarandre idear og input.

I Sjydnahaugen sitt informasjonshefte med retningslinjer for barnehagen, står det at «barnehagen skal vera ein god stad å vera for born, foreldre og personalet». Ja, slik vil me ha det i den nye barnehagen på Bjørketeigen. Og me vil ha det snart!

### **Ny barnehage er ei satsing på framtida – borna er vår framtid!**

Med venleg helsing  
SU - Sjydnahaugen barnehage  
Ragna Helen Vestreim  
Reidun Braut Kjosås

---

Nye Windows 7: PCen som passer for deg. [Finn ut mer.](#)

25.11.2009